

# Referat frå styremøte i Grendautvalet i Vats

Måndag 23. mars 2009 på Vats skule kl. 19.30

**Desse møtte:** Åsmund Kalstveit, Ingunn Skosheim Ohm, Gro Karin Velde, Severin Fatland, Jon Olav Velde

**Dessutan møtte:** Bjørn Morten Stokka som var med på sak 1  
Peder Lundegård som var med på sak 1 og 2

## Sak 1. Heimeside for Vats.

Bjørn Morten Stokka har arbeidd vidare med ei heimeside for Vats sidan sist møte. Han presenterte forslaget sitt i møtet.

Domenenamnet blir **Vatsnett.com** Nettsida skal nå utviklast vidare saman med ein "komite" på 4 personar. Det skal lagast faner til ulike hovudlenker. Det må verta ei enkel og brukarvennleg nettside som er oversiktleg og informativ.

Viktige spørsmål/utfordringar i utforminga av nettsida:

Kva vil eg vita om Vats?

Kva bilete skal me ha med?

Kva fanenamn er mest dekkande og kor mange slike faner skal vera med på framsida?

Kva for lenker skal me ha med?

**Vedtak:** Medl. i grendautvalet kan koma med forslag til innhald og utsjånad av Heimesida og senda dette til Bjørn Morten på e-post.

Heimesida må vera enkel og lett å finna fram i og bruka.

Det blir eit **arbeidsmøte – laga ferdig utkast**

**tyrsdag 14. april d.å. nede hos Hatteland kl. 18.00**

**Desse møter her: Bjørn Morten Stokka, Peder Lundegård, Ingunn Skosheim Ohm og Jon Olav Velde**

## Sak 2. Kommuneplanen – arealdelen.

Me gjekk gjennom mange innspel som var komne inn til kommuneplanansvarleg. Innspela var plotta inn på farga kommunkart. Me konsentrerte oss om Øvre og Nedre Vats sine innspel

Me kunne umogeleg ta stilling til alle forslaga, men måtte prioritera nokre som kunne få gjennomslag /realiserast utan å nedprioritera dei andre forslaga.

Jon Olav og Severin var inne til kommuneplanleggar Øyvind Valen 12. mars på Teknisk bygg i Sandeid og fekk ein god informasjon om innkomne forslag frå Vats. Øyvind Valen som er kommuneplanleggar og har ansvar for planen, orienterte oss. Dessutan hadde Åsmund Kalstveit vore i formannskapsmøte og fått ny informasjon Om kommuneplanen.

Av denne grunn hadde grendautvalet ganske god informasjon og gode kart å sjå på.

**Vedtak: Grendautvalet samla seg om dette vedtaket:**

**Prioritering av bustadbygging på desse områda:**

1. "Skjervheimfeltet" som ligg mellom Åmsosen og Stokkafeltvegen. med naust og båtfestepalss  
(Dette var høgast prioritert på folkemøte i haust.)  
Her kan det bli tilrettelagt for badestrand til offentleg bruk
2. Utvida Stokkafeltet
3. Bustadbygging på Sannes.
4. Bustadbygging i Blikrabygda sør for Landa.

**Grendautvalet blir innkalla til nytt møte på Rådhuset i Ølen saman med Grendautvala i Skjold og Vikebygd for å få meir informasjon om planen.**

**Møte på Rådhuset onsdag 22. april 2009 kl. 18.00.**

**Sak 3. Vatsvassdraget.**

Vats bondelag, Grunneigarlaget og Grendautvalet har teke initiativ til å undersøka Vatsvassdraget som er sterkt plaga av algeoppblomstring kvart år. Dette gjer at vatnet er sterkt misfarga og forurensa og ubrukeleg.

NIVA (Norsk institutt for vannforskning) som nå er involvert hos AF Decom på Raunes, er villig til å ta vassprøvar i aktuelle elvar og vatn for å finna ut kva denne forurensinga består i . Dette kostar pengar.

Om lag 125 000 kr + moms. (150 000 kr inkl. moms.)

Åsmund Kalstveit skriv søknader til ulike bedrifter i Vats for å få sponsa utgiftene til prøvetakingsprogrammet til NIVA.

Det blir søkt om Vindafjord kommune kan ta 25 000 kr til moms.

**Sak 4. Møte hos AF Decom.**

AF Decom hadde planlagt eit nytt informasjonsmøte på Raunes før påske, men dette blir det ikkje noko av før etter påske.

**Sak 5. Turkart i Vindafjord kommune.**

Jon Olav er med i den kommunale turkartkomiteen som representerer Grendautvalet.

Frå Bondelaget er Alf Egil Vaula med.

Jon Olav har allereie vore på 2 møte.

Det blir laga felles malar for alle turkart, oppslagstavler og fargekodar for alle turar.

Komiteen skal ha fleire møte utover våren.

Øvre Vats 23/3 – 09

Jon Olav Velde  
-leiar/skrivar-